

A. Landbrukssaker og havbrukssaker

§ 1 Konesjonslovsaker

3 promille for den første millionen gebyrpliktige kjøpe- eller leigesum, og 2 promille av det overskytande beløp. Gebyret skal likevel ikkje vera lågare enn kr 1.200,-.

§ 2 Jordlovsaker

Handsaming av delingssøknader etter § 12 i jordlova: Kr 1.200,-.

§ 3 Havbrukssaker

Uttale til konsesjonssaker etter Akvakulturlova: Gebyr vert rekna pr påløpt time for sakshandsamar, for tida kr. 885,- pr. time, minstegebyr kr 4.000,-

B. Utsleppssaker

Dette gjeld utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg.
Det vil bli utarbeidd eigen gebyrforskrift med heimel i § 11-4 i Forureiningsforskrifta.

§ 1 Søknader

Det skal betalast gebyr per utslepp etter gjeldande satsar:

- a. Søknad om utsleppsløyve < 50 PE..... kr 3.500,-
(etter lokal forskrift vedteken 29.10.2008)
- b. Søknad om utsleppsløyve > 50 PE..... kr 7.400,-
(etter sentral forskrift kap. 13 og 15)

Der ein søknad gjeld fleire avløp av same storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast halvt gebyr per avløp frå og med nr 2.

§ 2 Ny handsaming av avslegen søknad

Der fornya søknad om utsleppsløyve fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr kome til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. Kjem ny søknad på seinare tidspunkt skal det betalast fullt gebyr.

§ 3 Tilsyns – og kontrollgebyr

Tilsyns – og kontrollgebyr for separate avløpsanlegg pr. stk: Kr 300,-
(Gjeld ikkje avløpsanlegg som er tilknytt offentleg avløpsanlegg).